



KLEPP KOMMUNE

ORRE SKULE

PLAN FOR SMITTEVERN ORRE SKULE VED OPPSTART SKULEÅRET 2020/2021 FOR 1.-10.TRINN

Planen inneholder følgande:

- Leseliste smittevern
- Kartleggingsskjema barn og unge etter ferie
- Nivåinndeling av smitteverntiltak (trafikklysmodell)
- Oversikt over når elevar/tilsette/føresette kan og ikke kan møte på skule og SFO
- Plan for handvaskrutinar
- Hygienetiltak til tur
- Plan for kva ein gjer viss ein elev blir sjuk
- Plan for kva ein gjer viss ein tilsett blir sjuk
- Tiltak for enkelte fag
- Informasjon om barn med kroniske sjukdommar
- Informasjon om samhandling med føresette
- Rutinar for reinhald
- Rutinar for redusert kontakt mellom personar
- Nytt ordensreglement

Plan for friminutt vil bli lagd til skulestart.



OPPLÆRING AV TILSETTE I SMITTEVERNTILTAK, LESELISTE

- Eg har lese, og forstått, dei tre grunnpilarane for å bremse smittespreiing: *sjuke personar skal ikkje vere på skulen, god hygiene, redusert kontakt mellom personar*
- Eg har lese, og forstått, når elevar, føresette og tilsette kan møte på skole og SFO
- Eg har lese, og forstått, når elevar, føresette og tilsette ikkje kan møte på skule og SFO
- Eg har lese, og forstått, kva eg skal gjere viss sjukdom oppstår på skulen/SFO
- Eg har lese, og forstått, kva ein meiner med god hand – og hostehygiene
- Eg har lese, og forstått, kva ein meiner med godt reinhald
- Eg har lese, og forstått, kva ein meiner med redusert kontakt mellom personar
- Eg har lese, og forstått, kva risiko Covid 19 kan ha for barn og vaksne
- Eg har lese, og forstått, kva som er råda for samhandling med føresette og foreldremøter
- Eg har lese, og forstått, kva dei ulike nivåa (trafikklysmodellen) betyr
- Eg har lese, og forstått, hygienetiltaka på tur
- Eg har lese, og forstått, kva eg som tilsett skal gjere viss eg blir sjuk på jobb
- Eg har lese, og forstått, dei ulike smitteverntiltaka i enkelte fag
- Eg har lese, og forstått, kva råd ein gir om barn med kroniske sjukdommar
- Eg har lese, og forstått, kva råd ein gir tilsett som treng tilrettelegging på arbeidsplassen
- Eg har lese, og forstått, kva endringane i ordensreglane betyr
- Eg har fylt ut *Kartleggingsskjema for barn og unge etter ferie*, og levert til Torill.

Underskrift: _____ Dato: _____

	JA	NEI
Kartleggingsskjema barn og unge etter ferie - Under Covid-19		
Har du vore på ferie i utlandet?		
Dersom ja, i kva for eit land?		
Når tid kom du heim? Dato:		
Har du følt deg sjuk* på reisa, eller etter at du kom heim?		
Har du vore i nær kontakt med personar som har følt seg sjuke* / har vore sjuke* på reisa?		
Har du vore på ferie ein plass med kjent Covid-19 utbrot?		
Har du testa deg for Covid-19?		

*Med sjuke tyder om ein har symptom på Covid-19: feber, hoste, tungpusta, tap av smak- eller luktesans, sår hals eller at ein føler seg sjuk

Dato	Sign. arbeidstakar	Sign. nærmeste leiari

NIVÅINNDELING AV SMITTEVERNTILTAK (TRAFIKKLYSMODELL)

Grønt nivå	<ul style="list-style-type: none"> • Ingen sjuke skal møte på skulen • God hygiene og normalt reinhold • Kontaktreduserande tiltak: <p>Unngå fysisk kontakt mellom personar (handhelsing og klem)</p> <p>Vanlig organisering av klassar/grupper i skulekvardagen</p>
Gult nivå	<ul style="list-style-type: none"> • Ingen sjuke skal møte på skulen • God hygiene og forsterka reinhold • Kontaktreduserande tiltak: <p>Unngå fysisk kontakt mellom personar (handhelsing og klem)</p> <p>Heile klassar reknast som ein kohort</p> <p>Tilsette kan veksle mellom kohortar</p> <p>Trinnvise kohortar på SFO</p> <p>Unngå trengsel og store samlingar</p> <p>Forsøke å ha eigne område i skulegarden for ulike klassar/kohortar i pausar/friminutt</p>
Raudt nivå	<ul style="list-style-type: none"> • Ingen sjuke skal møte på skulen • God hygiene og normalt reinhold • Kontaktreduserande tiltak: <p>Unngå fysisk kontakt mellom personar (handhelsing og klem)</p> <p>Dele klasser inn i mindre kohortar</p> <p>Faste lærarar til kvar kohort så langt som mogleg</p> <p>Forsøke å ha same kohortar på SFO som skule</p> <p>Halde avstand mellom elevar og tilsette</p> <p>Unngå trengsel og store samlingar</p> <p>Ha eigne område i skulegarden for ulike klasser/kohortar</p> <p>Vurdere alternerande oppmøtetider for elevar</p>

SJUKE PERSONAR SKAL IKKJE VERE PÅ SKULEN ELLER SFO

Ingen skal møte på skulen viss dei er sjuke. Dette gjeld både grønt, gult og raudt nivå. Det er personar med symptom som er smittsame, og smittefarene er størst i det symptoma oppstår.

Dei hyppigaste symptomata på covid-19 er vondt i halsen, forkjøling og lett hoste, i tillegg ei kjensle av sjukdom, vondt i hovudet og smerter i musklar. Magesmerter kan også førekome. Alvorleg covid-19-sjukdom er sjeldan hos barn.

NÅR SKAL ELEVAR, FØRESETTE OG TILSETTE MØTE PÅ SKULEN OG SFO?

- Når dei ikkje har symptom på sjukdom
- Når ein elev har hatt luftvegssjukdom kan elevar i barneskulen kome att når dei har god allmenntilstand, og elevar i ungdomsskulen og tilsette når dei er symptomfrie.
- Viss ein i husstanden har symptom på luftvegsinfeksjon, men ikkje bekrefta covid-19, skal elev og tilsett møte på skulen som normalt. Desse skal gå heim viss dei får symptom.
- Elevar og tilsette med typiske symptom på pollenallergi (kjend pollenallergi, rennande næse, rennande øye/kløye i øye) kan møte på skule og SFO
- *For elevar i barneskulen:* mange barn har rennande næse utan andre symptom på luftvegsinfeksjon. Desse kan kome på skule/SFO. Nokre barn kan ha restsymptom etter å ha hatt ein luftvegsinfeksjon, som rennande næse eller sporadisk hoste. Desse elevane kan kome på skule/SFO viss allmenntilstanden er god og eleven er tilbake i sin vanlege form.

NÅR SKAL ELEVAR OG TILSETTE IKKJE MØTE PÅ SKULE/SFO?

Elevar og tilsette med symptom på luftvegsinfeksjon:

- Alle med nye symptom skal sendast heim og haldast heime til tilstanden er avklart
- Elevar og tilsette skal sjølv med milde symptom på luftvegsinfeksjon og kjensle av sjukdom ikkje møte på skule/SFO. Tilsette og elevar i ungdomsskulen skal halde seg heime til dei er frie for symptom, elevar i barneskulen skal halde seg heime til allmenntilstanden er god.

Elevar eller tilsette som har bekrefta covid-19:

- Skal vere i isolasjon. Det er helsetenesta om avgjer kven som skal vere i isolasjon.

Elevar eller tilsette som er nærkontaktar/husstandsmedlem til ein person med bekrefta covid-19:

- Helsetenesta avgjer kven som skal vere i karantene

Føresette som har symptom på luftvegsinfeksjon, er i karantene eller isolasjon:

- Skal ikkje møte på skule/SFO. Føresette som har hatt covid-19, men som har avslutta isolasjon etter anbefaling frå helsetenesta, kan møte på skulen som normalt.

PLAN FOR RUTINAR HANDVASK FOR BARN OG TILSETTE

Vask med lunka vatn og flytande såpe er ein effektiv måte å førebyggja smitte. Elevar og tilsette skal vaske hender hyppig og grundige i minst 20 sekund. Hendene tørkast (klappast tørre for å hindre såre hender) med papirhandkle.

Elevar og tilsette skal vaske hender:

- **Når ein kjem til skule/SFO**
- **Etter hosting/nysing/puss av nase**
- **Etter toalettbesøk**
- **Før måltid**
- **Ved synleg skitne hender**
- **Når ein kjem inn etter friminutt**
- **Etter kontakt med dyr**

Handsprit kan nyttast viss det ikkje er mogleg å vaske hendene

Plakat som syner korleis barna skal vaske hendene heng godt synleg i kvart klasserom.

HYGIENETILTAK TUR

Dette skal vere med på tur:

- Våtserviettar
- Handsprit
- Liste over alle namn og telefonnummer til føresette
- Førstehjelpsutstyr (plaster, sårrens, bandasje, pinsett, ispose)
- Pose til søppel
- Mobiltelefon

Før du går på tur:

- Føresette skal ha beskjed dagen før. Send melding på Schoolink
- Legg lapp hos Torill om kor de er og kor tid de kjem tilbake
- Snakk med barna om reglar for tur:
 - Halde avstand
 - Gå på rekke
 - Hand – og hostehygiene

Når du er på tur:

- Vaske hender med handserviett og handsprit før ein et
- Vaske hender med handserviett viss ein har hosta/nyst i hendene
- Pasje på at barna held avstand

Når ein kjem tilbake frå tur:

- Vaske hender med vatn og såpe

RUTINAR VISS EIN ELEV BLIR SJUK I SKULETIDA/SFO

Viss eit barn blir sjuk med luftvegsinfeksjon (feber, hoste, snue med farge, nys, hovudverk. Eit barn treng ikkje ha alle desse symptomata, men må ha meir enn hovudverk) i løpet av skuledagen:

- Barnet må følgast til sjukrommet i administrasjonen
- Administrasjonen ringer heim og varslar føresette, avtalar om barnet skal gå heim eller om føresette skal hente barnet
- Den som ringer orienterer føresette om at barnet kan kome tilbake til skulen når barnet er fri for symptom (gjeld ungdomsskule) eller har god allmenntilstand (gjeld barneskule) .
- Den vaksne som venter i lag med barnet, må halde avstand (to meter)
- Viss barnet har behov for trøyst og omsorg, må barnet få dette. Den vaksne må da vurdere om det er behov for å nytte munnbind. Dette står i sjukrommet.
- Den vaksne som har vore i lag med barnet, vaskar hender etter at barnet har gått heim
- I etterkant vaskar ein rom, toalett og andre område barnet har vore, med vanlege rengjøringsmiddel

Elevar som får bekrefta covid-19-sjukdom skal følgjast opp av helsetenesta for å få forsvarleg helsehjelp.

Kommunehelsetenesta vil kartlegge og følgje opp nærbekantar til covid-19-positive personar.

Kommunehelsetenesta varslar skulen viss elevar får bekrefta covid-19, og dei bestemmer kva ein skal gjere vidare.

VISS EIN I HUSSTANDEN TIL EIN ELEV/TILSETT ER SJUK

Viss ein i husstanden har symptom på luftvegsinfeksjon men ikkje bekrefta covid-19, skal eleven/den tilsette møte på skulen/SFO som normalt. Eleven/den tilsette skal gå heim frå skule/SFO viss ein får symptom. Hygienetiltaka som er skissert vil nyttast.

RUTINAR VISS EIN TILSETT BLIR SJUK I LØPET AV ARBEIDSDAGEN

- Den tilsette varsler administrasjonen om at han eller hun er sjuk
- Viss den sjuke ikkje kan halde to meters avstand til andre, skal denne nytte munnbind
- Den tilsette går heim straks det er mogleg
- Administrasjonen setter inn ein annan vaksen for å ivareta kohorten til den tilsette som går heim
- Viss det ikkje lar seg gjere å plassere ein annan vaksen i rommet, varslar administrasjonen føresette om at elevane må sendast heim
- Den tilsette kan kome tilbake på arbeid nå denne er symptomfri.
- Rektor tar kontakt med den sjuke, for å undersøke om det er aktuelt å teste for Covid-19.

Tilsette som får bekrefta covid-19-sjukdom skal følgjast opp av helsetenesta for å få forsvarleg helsehjelp.

Kommunehelsetenesta vil kartlegge og følgje opp nærbondar til covid-19-positive personar.

Kommunehelsetenesta varslar skulen viss tilsette får bekrefta covid-19, og dei bestemmer kva ein skal gjere vidare.

RUTINAR FOR REINHALD

Forsterka reinhald på utsette område	Ansvar
Bord vaskas etter måltid	Elevar og undervisningspersonell
Pultar og stolar vaskas dagleg	Elevar, rettleia av undervisningspersonell
Leiker, sportsutstyr, nettbrett vaskas dagleg	Elevar, rettleia av undervisningspersonell
Redusere tal på leiker slik at reingjering kan gjennomførast	Undervisningspersonell
Tøyleiker og tekstil vaskast på 60 grader, eller ryddast bort	Undervisningspersonell
Dagleg vask av toalett og servant	Rengjeringspersonell
Dagleg vask av dørhandtak, trappegelendera	Rengjeringspersonell

Elevar og tilsette vaskar hender etter at reingjering er utført. Ein treng ikkje nytte handskar eller anna utstyr til beskyttelse.

REDUSERT KONTAKT MELLOM PERSONAR

Grønt nivå	<p>Fysisk kontakt:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Behov for nærliek og omsorg må ivaretakast. Tilsette skal vaske hendar etter kos og trøyst • Unngå handhelsing, klem og unødig fysisk kontakt <p>Organisering av kohortar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ikkje behov <p>Avgrense deling av mat og gjenstandar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Elevane skal ikkje dele mat og drikke
Gult nivå	<p>Fysisk kontakt:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Behov for nærliek og omsorg må ivaretakast. Tilsette skal vaske hendar etter kos og trøyst • Unngå handhelsing, klem og unødig fysisk kontakt <p>Organisering av kohortar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Klassen reknast som ein kohort • Tilsette kan veksle mellom dei ulike kohortane • Ved byte av klasserom, bør elvane vaske eller desinfisere hendar • To kohortar kan samarbeide for praktisk gjennomføring av skuledagen, utandørs • Kohortane som ikkje samarbeider bør ha ulike leikeområder ute. Dei kan nytte uteområda etter kvarandre og det er ikkje nødvendig å vaske områda • Fleire kohortar kan vere ute samtidig, uteområda delast inn i sonar • Kohortane bør oppretthaldast også på SFO • Kohortar som ikkje samarbeider kan passere kvarandre og vere i same rom ein kort stund (15 minutt) • Kohortar som ikkje samarbeider kan vere i same rom, viss ein kan ha to meter mellom kohortane • Kohortane kan byte samansetning etter ei helg • For gjennomføring av valfag og språkfag (på Klepp ungdomsskule) skal elevane frå Orre sitte i lag og ha faste plasser i klasserommet. <p>Tettleik i grupper:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Elevar bør ha eigne, faste pultar/arbeidsplassar • Elevane kan bevege seg rundt i klasserommet

	<ul style="list-style-type: none"> • Unngå større samlinger • Alle barn har eigen ete- og aktivitetsplass i SFO • Elevane har eigne oppmøtestader i skulegarden om morgonen, går felles inn med lærar for å unngå trengsel • Auka bruk av utetid og uteskule. Særleg i SFO er ein stort sett ute. <p>Leik og friminutt:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ekstra vaksne ute i friminutt for å hjelpe elevane å halde avstand • Ulike tidspunkt for friminutt <p>Avgrense deling av mat og gjenstandar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Elevane skal ikkje dele mat og drikke • Ein kan lage mat etter gjeldande retningslinjer • Mat bør serverast porsjonsvis • Barna et i kohortane • Ein delar ikkje på skrivesaker, nettbrett og anna materiell • Læringsmateriell og leiker vaskast før det nyttast mellom kohortar • Lærebøker kan fraktast mellom heim og skule, det same gjeld skriftlege innleveringar • Klassebamsar er i karantene under covid-19-utbrotet <p>Transport og skuleskyss:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Unngå bruk av offentleg transport viss mogleg • Elevane må halde avstand til kvarandre. Kolumbus har eigne reglar for dette som skulen held seg til. • Unngå skuleturar med tett samling av elevar og offentleg transport • Elevar som er avhengig av skuleskyss kan nytte seg av dette. Elevar kan sitte eller stå i lag på bussen, men bør halde avstand til andre passasjerar. Unngå kontakt ansikt til ansikt • Elevane bør halde avstand når dei venter på bussen <p>Særskilt for tilsette:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Unngå handhelsing og klem • Halde avstand (minst ein meter) til kollegaer • Lærarar kan veksle mellom kohortane • Vere ekstra merksame på hygiene på kjøkken/personalrom
--	--

	<ul style="list-style-type: none"> • Unngå bruk av offentleg transport i rushtid til og frå jobb • Vikarar må få opplæring i gjeldande rutinar på skulen
Raudt nivå	<p>Fysisk kontakt:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Behov for nærliek og omsorg må ivaretakast. Tilsette skal vaske hendar etter kos og trøyst • Unngå handhelsing, klem og unødig fysisk kontakt <p>Organisering av kohortar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Etablere mindre kohortar: storleik tar utgangspunkt i norm for lærartettleik (15 elevar per lærar 1. til 4. årstrinn, og 20 elevar per 5. til 10.trinn). For ungdomsskule er ikkje dette eit absolutt krav. Begge klassar på ungdomsskulen på Orre er færre enn 20 elevar. For barnetrinn kan ein auke storleiken med nokre få barn. Dei eldste elevane må halde avstand til kvarandre. • Tilsette bør følgje sin kohort • Tilsette frå kohort 1 kan hjelpe i kohort 2, og motsett. • Kohortane bør i minst mogleg grad bytte klasserom. • To kohortar kan samarbeide for praktisk gjennomføring av skuledagen, utandørs • Kohortane som ikkje samarbeider bør ha ulike leikeområder ute. Dei kan nytte uteområda etter kvarandre og det er ikkje nødvendig å vaske områda • Fleire kohortar kan vere ute samtidig, uteområda delast inn i sonar • Kohortane bør oppretthaldast også på SFO • Kohortar som ikkje samarbeider kan passere kvarandre og vere i same rom ein kort stund (15 minutt) • Kohortar som ikkje samarbeider kan vere i same rom, viss ein kan ha to meter mellom kohortane • Kohortane kan bytte samansetning etter ei helg • For 5-10.trinn: elevar og tilsette bør halde avstand, minst ein meter. <p>Tettleik i grupper:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Elevar bør ha eigne, faste pultar/arbeidsplassar • Elevane kan bevege seg rundt i klasserommet • Unngå større samlingar • Alle barn har eigen ete- og aktivitetsplass i SFO • Elevane har eigne oppmøtestader i skulegarden om morgonen, går felles inn med lærar for å unngå trengsel • Auka bruk av utetid og uteskule. Særleg i SFO er ein stort sett ute.

	<ul style="list-style-type: none"> • Ta i bruk større lokale der det er nødvendig. Dette kan bli nødvendig for dei større klassane som 3. og 4. trinn. 6. trinn sitt klasserom er stort nok til å ivareta krav om avstand. <p>Leik og friminutt:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ekstra vaksne ute i friminutt for å hjelpe elevane å halde avstand • Ulike tidspunkt for friminutt <p>Avgrense deling av mat og gjenstandar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Elevane skal ikkje dele mat og drikke • Ein kan lage mat etter gjeldande retningsliner • Mat bør serverast porsjonsvis • Barna et i kohortane • Ein delar ikkje på skrivesaker, nettbrett og anna materiell • Læringsmateriell og leiker vaskast før det nyttast mellom kohortar • Lærebøker kan fraktast mellom heim og skule, det same gjeld skriftlege innleveringar • Klassebamsar er i karantene under covid-19-utbrotet <p>Transport og skuleskyss:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Unngå bruk av offentleg transport viss mogleg • Elevane må halde avstand til kvarandre. Kolumbus har eigne reglar for dette som skulen held seg til. • Unngå skuleturar med tett samling av elevar og offentleg transport • Elevar som er avhengig av skuleskyss kan nytte seg av dette. Elevar bør sitte på annakvart sete på bussen, og bør halde avstand til andre passasjerar. Unngå kontakt ansikt til ansikt • Elevane må halde avstand når dei venter på bussen <p>Særskilt for tilsette:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Unngå handhelsing og klem • Halde avstand (minst ein meter) til kollegaer • Lærarar bør ikkje veksle mellom kohortane • Vere ekstra merksame på hygiene på kjøkken/personalrom • Unngå bruk av offentleg transport i rushtid til og frå jobb • Vikarar må få opplæring i gjeldande rutinar på skulen • Bruke videokonferansar framfor møter med kollegar
--	--

	<ul style="list-style-type: none">• Unngå bruk av ringar og handsmykke på jobb
--	--

SMITTEVERNTILTAK I ENKELTE FAG

Grønt nivå	<ul style="list-style-type: none"> Undervisning som vanleg
Gult nivå	<p>Kroppsøving:</p> <ul style="list-style-type: none"> Utegym anbefalast <p>Musikk:</p> <ul style="list-style-type: none"> Unngå at blåseinstrument delast av fleire elevar Ved bruk av instrument ein held i eller har tangentar, må områda ein har tatt på tørkast av etter bruk
Raudt nivå	<p>Kroppsøving:</p> <ul style="list-style-type: none"> Skift før kroppsøving kan gjennomførast i klasserom for å få meir plass Dusj etter kroppsøving kan ein utsette til eleven har kome heim Viss behov for dusj, delar ein elevane i mindre grupper Unngå aktivitetar men nær kontakt mellom elevar, som til dømes lagidrett, pardans og kampsport Symjing: klorinnhald i basseng inaktiverer både koronavirus og andre virus. Nærkontakt i garderobe eller basseng må ein unngå <p>Musikk:</p> <ul style="list-style-type: none"> Unngå at blåseinstrument delast av fleire elevar Ved bruk av instrument ein held i eller har tangentar, må områda ein har tatt på tørkast av etter bruk <p>Mat og helse:</p> <ul style="list-style-type: none"> Viruset smittar ikkje via mat ved god handhygiene og vanleg hygiene på kjøkkenet Ein vil gjennomføre undervisninga på alternative måtar, med heimeundervisning, der dette er mogleg Unngå mat som ikkje kan varmebehandlast <p>Kunst og handverk:</p> <ul style="list-style-type: none"> Ikkje del utstyr. Vask og rengjer utstyr der det er mogleg etter bruk

BARN MED KRONISKE SJUKDOMMAR

Barn og unge som har kroniske sjukdommar/tilstandar, **men som kan møte på skulen som vanleg**, gjeld blant anna:

- Barn og unge med diabetes
- Barn og unge med astma, der ein har kontroll på tilstanden
- Barn og unge med allergi
- Barn og unge med epilepsi
- Barn og unge med Downs syndrom
- Barn og unge med hjartefeil utan hjartesvikt
- Barn og unge med autoimmune sjukdommar som bruker immundempande behandling og har stabil sjukdom
- Tidligare premature barn utan betydeleg lungesjukdom

Barn og unge som har kroniske sjukdommar, men kor det individuelt kan vurderast om det er grunnlag for at barnet/ungdommen skal haldast heime, og få tilrettelagt undervisning heime, er lista opp under. Skulen og heimen skal ha dialog om det er mogleg at eleven likevel kan få opplæring på skulen. I tilefelle der det er aktuelt med heimeundervisning, må dette avklarast med behandlende lege. Dette kan gjelde:

- Barn og unge som er organtransplanterte (første tid etter transplantasjon)
- Barn og unge som er beinmargstransplanterte siste 12 månader
- Barn og unge som er i aktiv kreftbehandling
- Barn og unge med alvorleg hjartesjukdom
- Barn og unge med alvorleg lungesjukdom og/eller har betydeleg redusert lungekapasitet
- Barn og unge med alvorleg, medfødt sjukdom i immunforsvaret i ustabil fase som gjer dei særskilt utsett for alvorlege luftvegsinfeksjonar
- Barn og unge på immundempande medisin og aktiv kronisk sjukdom
- Enkelte barn med diagnosar som ikkje er nemnd her.

VAKSNE (FØRESETTE/TILSETTE)

Tilsette som treng dette kan få tilrettelegging på arbeidsplassen. Tilsette dette er aktuelt for, må ha legeerklæring.

Gravide tilsette med kronisk sjukdom eller komplikasjonar i svangerskapet bør diskutere med eiga lege om det er grunn til å utvise ekstra forsiktighet og behov for tilrettelegging på arbeidsplassen.

Føresette som er i risikogruppa (over 65 år, kronisk sjukdom som hjarte-karsjukdom og diabetes) kan kontakte eigen lege for å vurdere behov for tilrettelegging av skuletilbodet/heimeundervisning for å minske smitterisiko i heimen. Ein skal ha dialog om det likevel er mogleg å legge til rette slik at desse elevane likevel kan møte på skulen. I slike tilfelle bør også omsynet til barnet sitt beste tilleggas stor vekt (Jf. Barnekonvensjonen art. 3)

SAMHANDLING MED FØRESETTE OG FORELDREMØTER

Ved raudt nivå anbefalast det ikkje å arrangere foreldremøte eller andre større samlingar, og digitale møte anbefalast.

Utviklingssamtalar kan gjennomførst ved grønt og gult tiltaksnivå. Ved grønt nivå trengs ingen spesielle tiltak. Ved gult nivå kan utviklingssamtalar gjennomførast med følgande tiltak:

- Vask hender før og etter samtale
- Minst ein meters avstand mellom tilsette og elev/føresett
- Ved behov for tolk eller liknande, må desse halde avstand til andre

Ved raudt nivå bør samtalane erstattas med digitale møter. Viss ein likevel må gjennomføre samtalar ved oppmøte, skal ein følgje råda over.

NYTT ORDENSREGLEMENT

TENESTEOMRÅDE BARN OG UNGE

Utfyllande reglement for orden og åtferd ved grunnskulane i Klepp kommune knytt til utbrotet av Covid-19

§1 Heimel

Klepp kommune har felles ordensreglement for skulane. Ordensreglementet er heimla i Opplæringslova §9A-10 og vart vedteke av Hovudutval barn og unge 11.04.19 10.

På bakgrunn av Covid-19 pandemien, har skulane nå eit ennå større ansvar for å sikra helse, miljø og sikkerheit for alle elevar og tilsette ved skulane. Skulane har retningslinjer knytt til smittevern både for barneskulen og for ungdomsskulen.

Me står nå i ein situasjon kor me er avhengige av at alle tek smittevern på alvor. Ansvaret for å sikra elevane si helse, både fysisk og psykisk i denne perioden, er svært viktig. Elevane vil få opplæring i korleis dei skal opptre saman, og føresette skal vera trygge på at det er forsvarleg å senda barn og ungdom på skulen. For å sikra dette, er det nå behov for eit utfyllande ordensreglement tilknytt Covid-19 utbrotet.

På bakgrunn av at me har særskilte smitteomsyn å ivareta, vil både «Forskrift om reglement for orden og åtferd ved grunnskulane» vedteke av Hovudutval barn og unge 11.04.19 og «Utfyllande reglement for orden og åtferd ved grunnskulane i Klepp kommune knytt til utbrotet av Covid-19» vera gjeldande. Utfyllande ordensreglement vil gjelda så lenge Covid-19 pandemien varer.

§2 Formål

På bakgrunn av at me har særskilte smitteomsyn og ivaretaking av elevane si fysiske og psykiske helse, er desse føremåla særskilt viktige:

Ordensreglemenet for skulane er eit verkemiddel for å sikra formåla i opplæringslova §§ 1-1 og 9A-1. Formålet med forskrift om ordensreglementet er å fremma læring, tryggleik og trivsel, respekt og toleranse. Elevane skal læra å ta ansvar for seg sjølv og andre. Dei skal bli gode medborgarar som viser toleranse og respekt for alle. Alle har rett til eit skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring i tråd med §9A i Opplæringslova. Dette vil vera spesielt viktig i situasjonen me står i nå.

Forskrifta om ordensreglement vil og i denne samanhengen regulera kva som er god orden og åtferd, og vera grunnlag for å vurdera orden og åtferd på ungdomsskulane.

Tiltak knytt til brot på dette kommunale reglementet knytt til Covid -19, er heimla i §9A-10 i Opplæringslova, og blir knytt til Covid-19 og smittevern. 2

§3 Verkeområde

Desse reglane vil vera spesielt viktige for alle elevar som går i grunnskulen i Klepp kommune. Dei er gjeldande i skuletida, alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteareal.

§4 Elevane sine rettar og plikter knytt til smittevern i Covid-19 situasjonen:

Elevane har rett til:

- Eit skulemiljø som gir tryggleik og sosialt tilhøyre
- Respekt for andre
- Respekt for private eigedelar
- Eit god fysisk og psykisk læringsmiljø
- Eit læringsmiljø som fremjar helse, trivsel og livsmeistring

Elevane har plikt til:

- Å bidra til eit godt miljø som fremjar helse, trivsel og læring
- Behandla alle med omsyn og respekt
- Å visa respekt for andre og skulen sine eigedelar
- Oppstre varsaamt i lag med andre, og overhalde smittevernreglar som er lokalt tilpassa skulen ut frå UDIR/FHI si rettleiing

§5 Orden

Det er god orden å

- bidra til at skulen sitt område er ryddig, og reint og hjelpa med å forhindra smitte av Covid-19.

§ 6 Åtferd

Det er god åtferd å

- inkludera medelevar og syna respekt, ikkje krenka andre fysisk
- Retta seg etter beskjedar ein får frå tilsette
- Bidra til at skulen er ein trygg stad for alle å ferdast der, og ikkje utøva ei framferd som kan føra til at andre blir smitta, eller skapa eit utsynlig miljø for medelevar og tilsette
- Følgja skulen sine retningslinjer knytt til smittevern, og tiltak som er knytt til Covid-19

§7 Sanksjonar

Alle sanksjonar tilknytt «Utfyllande reglement for orden og åtferd ved grunnskulane i Klepp kommune knytt til utbrotet av Covid-19» skal sjåast i samanheng med tiltak i forhold til smittevern, og at alle elevar skal ha eit trygt læringsmiljø, både fysisk og psykisk.

Tiltak skal sjåast i samanheng med eleven sin alder. 3

Sanksjonar skal vera individuelle. Kollektiv straff kan ikkje nyttast.

Elevar har plikt til å gjennomføre pålagde sanksjonar. Det kan påleggast nye sanksjonar om dette ikkje blir gjort.

Skulen kan ikkje bruka fysisk refsing eller krenkande behandling som sanksjon.

Sanksjonar må særskilt ta omsyn til andre på grunnlag av smittevern, og andre elevar sitt skolemiljø, både fysisk og psykisk.

§7-1 sanksjonar ved brot på utfyllande ordensreglement tilknytt Covid-19:

- Munnleg irtettesetting av tilsette ved skulen.
- Munnleg eller skriftleg melding til føresette.
- Eleven kan tilvisast eige rom i undervisningstida for å få opplæringa under tilsyn av vaksen
- Eleven kan i friminutt tilvisast bestemte uteareal.
- Eleven kan utvisast: Opplæringslova §9a-11: Ved særleg provoserande åtferd/ smittefarleg åtferd knytt til Covid-19, kan elevar på 1.-7. trinn visast vekk resten av dagen. Elevar på 8.-10. trinn kan visast vekk resten av dagen eller 1-3 dagar. Elevar må uansett alder nå i Covid-19 situasjonen bli henta av føresett. Det er rektor som i desse sakene skal fatta vedtak om bortvising.
- Sak kan meldast til politiet. Dette gjeld elevar på ungdomstrinnet. Ved alvorleg/vedvarande farefull atferd, kan rektor melda saka til politiet

§8 Bruk av fysisk makt

Eit smittevernstiltak er å halde avstand. Det kan likevel koma situasjonar der elev har ei framferd som gjer at skolemiljøet blir utsatt, og andre kan bli smitta av Covid-19. Tilsette har moglegheit til å nytta naudverje for å hindra at elevar skadar seg sjølv eller andre jf, straffelova §§ 17 og 18.

§9 Saksbehandling ved grove brot på utfyllande ordensreglement tilknytt Covid-19

§9-1

Eleven har rett på å forklara seg, og har rett til å ha med seg ein person. På grunn av at Corona-19 situasjonen er så alvorleg, er det likevel viktig at tiltak frå skulen kan koma i gang med tiltak raskt. Dei føresette skal så raskt som råd få informasjon om situasjonen, og elev og føresett har rett til å uttale seg. Det kan i Covid-19 utbrotet setjast i verk tiltak og sanksjonar raskt på grunnlag av smittevern og for å trygga elevane sitt fysiske og psykiske miljø.

§9-2

Denne forskriften gjeld frå 11.05.20 og så lenge Covid-19 pandemien er pågående.

Reglementet skal gjerast kjend for elevar, foreldre og tilsette. Det er rektor som har ansvar for dette.

Reglementet skal vera tilgjengeleg på kommunen og skulane sine nettsider.

Jan Harald Forsmo
Skulesjef